



..... SKULE – LÅNEAVTALE IPAD

Denne avtalen gjeld iPad med serienummer: _____

Denne iPaden skal brukast av _____ (eleven sitt namn) til skularbeid som ein personleg iPad i skulen. Avtalen gjeld frå påført dato og signering av denne låneavtalen. iPaden er Sula kommune sin eigedom og skal leverast tilbake dersom eleven sluttar på skule.

Ved å signere denne låneavtalen, godtar lånar og lånaren sine føresette følgjande reglement:

1. Allerede etablert regelverk

a) Kommunen/skulen sitt ordensreglement gjeld også for denne låneavtalen.

2. Administrasjon

a) Skulen har kontroll over oppsett på iPaden og innkjøp og distribusjon av appar.

b) Skulen kan når som helst be om å få tilbake iPaden av tekniske eller praktiske årsaker. Eleven må i slike tilfelle levere tilbake iPaden ulåst (utan passord eller pinkode).

c) Føresette har ansvar for å oppdatere iOS (operativsystem for iPad) når det kjem varsel om slik oppdatering. Oppdatering skal skje heime.

3. Praktisk bruk

a) iPaden skal alltid vere med på skulen. Når iPaden ikkje er i bruk i undervisinga, skal den ligge i sekken, også i SFO-tida. Drikkeflaska kan stå på skulen og fyllast der, så slepp vi lekkasje i sekken.

b) Heimen må sørge for at iPaden kvar dag er tilstrekkeleg lada til å kunne brukast gjennom heile skuledagen utan å måtte ladast opp undervegs.

c) Beskyttelsesdekslet iPaden leverast med skal alltid vere på.

d) Det er læraren som definerer når og korleis iPaden skal brukast

e) iPaden skal ikkje lånast ut til andre

f) Det er aldri lov å ta bilete eller video av medelevar eller tilsette utan løyve frå lærar og den/dei det skal takast bilete av

g) Lærar skal ha tilgong til koden på iPaden som lagast på skulen eller heime dre

h) Skulen tar ikkje ansvar for tap av data og har rett til å slette innhald på iPadene. Personlege data må derfor også lagrast andre stadar enn på iPaden.

4. Endring av reglar

a) Denne låneavtalen vil liggje på skule si heimeside www.sula.kommune.no og kan endrast av skulen slik skulen finn nødvendig innanfor prosjektet. Versjonen på nettsidene er til ei kvar tid gjeldande. Eventuell endring av låneavtalen sitt innhald vert varsla på skule si nettside.

I tillegg til sanksjonar i ordensreglane kan skulen også kreve iPaden levert tilbake for godt, eller for ein periode, om eleven bryt ordensreglane, «Reglar for bruk av iPaden» eller reglane i denne låneavtalen. Dersom brot på reglane over fører til at iPaden vert skada/øydelaagd, må føresette erstatte.

Eleven si underskrift:.....

Klasse:.....

Føresette si underskrift:.....